

Rehabilitering av skulen

14.12.2013



Det er gjennomført møte og synfaring ved skulen ved kommuneoverlegen i samband med at fløy A skal rehabiliterast. Det vert påpeika manglar og avvik, mellom anna at golvbelegg er nedslitt.
Det vanskeleggjer eit hygienisk tilfredsstillande reinhald. Det er også funne asbest i golvfliser som skal fjernast, Farleg avfall som dette skal fjernast av godkjent saneringsfirma.

Vidare er hovudinngangsdøra øydelagt og må utbetraast.

Det er utført inneklimateiningar etter montering av ventilasjonsanlegg i undervisningsromma. Det er svært gode målingar på 2 rom og kommuneoverlegen opplyser at det ikkje er naudsint med målingar i alle klasserom. Han ber om at det vert målt i klasserommet som har flest elevar i kuldeperioden om vinteren.

Spesialrom og formingsrom må vera tilrettelagt med tilfredsstillande avsug.

I byggjepersonen må det innførast rutiner for ekstra og utvida reinhald for å hindra støv og ureining i undervisningsromma. Arbeid med mykje støy og støv bør gå føre seg utanom undervisningstida. Skjer det i skuletida, må det innførast førebyggjande tiltak.

Kommuneoverlegen ber omå få tilsendt ein plan for korleis ein vil sikra tryggleiken for elevane under arbeidet på skulen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen